

<b>Skjermen viser:</b>	<b>I timen:</b>
	Introduser temaet for timen og sjå <a href="#">Vi er ulike - og det er bra! - YouTube</a>
	<b>Sjå bilde frå filmen og snakk om det de såg:</b>  Vi er alle ulike. Kva er desse ulike med? Kan vi vite kva dei er like og ulike med berre ved å sjå på dei? Minn gjerne elevane om at barn kan ha ulik hudfarge sjølv om dei er norske og fødd av norske foreldre. Mange likar ikkje å få spørsmålet «kvar er du frå?» basert på ein hudfarge som ikkje er bleik.
	Kva skjer her? Kva ord brukar barna her? Korleis er det for jenta? Kva kan dei andre gjere for å hjelpe jenta? Er det nok å vere stille sjølv? Eller burde alle sei frå til eleven at slik er det ikkje greit å snakke?
	Alle treng å kjenne at dei er med i flokken. Kva gjer desse for at alle skal få vere med?
<p>Ny elev i klassa</p>	Ny elev i klassa Vi skal sjå ein liten film på engelsk, men det gjer ikkje noko om vi ikkje forstår alle orda. Vi forstår kva som skjer likevel. Den startar med at det kjem ei jente som skal ha første dagen sin på ein ny skule. Ho har flytta langt, og gruer seg veldig. Ho ser veldig sjenert ut. Ho har til og med tatt på seg ei maske som skjuler ansiktet hennar! Mens de ser filmen kan de legge merke til kva dei andre barna i klassa gjer. Ein av dei er ikkje så snill med ho, men så gjer dei andre noko som gjer at alt blir veldig bra for jenta. <a href="#">Bunny New Girl   Short Film - YouTube</a> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva gjorde elevane for å hjelpe jenta?</li> <li>• Læraren blei litt sur, men var han kanskje også litt stolt av dei?</li> <li>• Er det noko anna dei kunne gjort som hadde blitt like bra for jenta?</li> </ul>
<b>Leik:</b> Handlingar som smittar - sjå lærar sitt instruksjonsark	<b>Leik: Handlingar som smittar</b>  Meininga med denne leiken er å vise at handlingar smittar. Når ein gjer noko gjer plutseleg fleire eller alle det same, så kva vi vel å gjere kan vere viktig.  Sitt i ring, eller på plassane i klasserommet, men bli einige om kva veg/løype handlingane skal smitte. Lærar startar med å gjere noko (til dømes riste med heile kroppen, gøyme ansiktet i hendene, hoppe opp i lufta, smile/le, vinke, danse, hinke, eller liknande.) Dette spreiar seg gjennom ringen/eller rundt i klasserommet frå person til person - og til slutt gjer alle det i lag. De kan eventuelt bytte på å vere den som gjer noko først, og gjere det som ein hermeleik der alle skal gjere det same som den som startar.

	<p>Når de har leika litt og alle sit på plassen sin igjen kan de snakke om at på same måte som desse tulle-handlingane smittar så kan det smitte når nokon seier stygge ord, snur seg vekk, ignorerer, sender stygge blikk og slikt. Og få fram at dei som fortset slike handlingar/ord er like ansvarlege for å delta i dette, som den som gjer det først.</p>
	<p>Alle er like viktige – sjå:  <a href="#">UNITY (We are all V.I.P) - YouTube</a></p>
	<p><b>Kva kan vi som klasse gjere for at alle skal kjenne seg viktige i flokken vår?</b>  Her kan elevane anten:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• jobbe i grupper for å snakke om/teikne/lage rollespel om korleis elevar i ei klasse kan ta vare på kvarandre</li> <li>• de kan lage ein liksom-elev av ei bøtte/ein pappkasse/ein bamse/ei teikning og sei at denne eleven liksom startar i klassa her no. Kva kan vi som klasse gjere for at eleven skal kjenne seg velkommen hos oss? Korleis kan vi vise eleven at vi vil ha han/ho med i flokken vår?</li> <li>• Tren på den sosiale ferdigheten "Å inkludere andre i leiken" Sjå grå boks nede på sida.</li> </ul>
	<p>Litt Frosketid? <a href="#">Pust med naturen (s-pust) - YouTube</a></p>
	<p>Avslutt gjerne med denne: <a href="#">Du kan være den (Hjerterom) - Unge Oslo - YouTube</a></p>